

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fire institutt med tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Fakultetet er ein av dei største lærarutdanningsinstitusjonane i landet med rundt 6200 studentar og 550 tilsette, og tilbyr barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning for 1.-7. og 5.-10. trinn, praktisk-pedagogisk utdanning, bachelorutdanningar, masterutdanningar og Ph.d.-program. Fakultetet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod. Forskingsaktiviteten ved fakultetet blir organisert i forskingsprogram og forskargrupper.

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag har 180 tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord.

Instituttet gir undervisning på alle nivå og er involvert i barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanningane (masternivå frå 2017), bachelorutdanningar i folkehelse og idrett/kroppssøving, praktisk pedagogisk utdanning og masterutdanningar i undervisningsvitenskap, samfunnsfagdidaktikk, IKT i læring, utdanningsleiing, barnehagekunnskap, læring og undervisning og spesialpedagogikk. Instituttet bidrar også til fakultetet sitt Ph.D.-program Danning og didaktiske praksisar.

Tilsette på instituttet er involvert i forskning som er relevant for utdanningane våre og deltar i fagleg nettverksarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Instituttet har som mål å vere i front av profesjonsorientert kompetanseutvikling innanfor sine fagfelt. I denne samanhengen er vi i kontinuerleg samarbeid med viktige aktørar i regionen om til dømes vidareutdanning og skule- og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i karriererettleiing

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig fast stilling som førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i karriererettleiing ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Om stillinga:

Stillinga er knytt til Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, campus Bergen.

Stillinga vil primært bli knytt til arbeid i karriererettleiing og karrierelæring i grunnskulelærarutdanningane, og etter- og vidareutdanningane ved fakultetet.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

Arbeidsoppgåvene vil vere undervisning, rettleiing, vurdering og anna oppfølging av studentar. Nokre av undervisningsoppgåvene kan bli knytt til samlingsbaserte studium.

Stillinga inneber også forskning og utviklingsarbeid. Fakultetet har 5 strategiske forskingsprogram (Kunst, kreativitet og kulturelle praksisar; Språk, kommunikasjon og læring; Praksisnær profesjons- og utdanningsforskning; Berekraft, medverknad og mangfald og Idrett, fysisk aktivitet og kosthald) og det blir forventa at dei tilsette bidreg med forskning innretta mot eitt eller fleire av programma.

Dei tilsette må også delta i fagleg og administrativt arbeid på instituttet. Det må påreknast noko reising i stillinga.

Avhengig av søkjarane sin kompetanse og instituttet sitt behov vil oppgåver og ansvar bli avtala nærmare.

Kvalifikasjonskrav:

Søkjaren må ha doktorgrad/ førstelektorkompetanse i karriererettleiing, pedagogikk, samfunnsfag eller psykologi med klar relevans for fagområdet livslang karriererettleiing og karrierelæring.

Den som blir tilsett må vera personleg eigna for stillinga, vera motivert for å dele kunnskapar og delta i samarbeid, men også ha evne til å arbeide sjølvstendig. Undervisningsspråket er norsk. Søkjar må meistre norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Dersom det ikkje melder seg søkjarar med førstekompetanse, kan det bli aktuelt å tilsette som høgskulelektor. Søkjaren må då ha minimum mastergrad i karriererettleiing, pedagogikk, samfunnsfag eller psykologi med klar relevans for fagområdet livslang karriererettleiing og karrierelæring med gode resultat.

Følgjande vil telje positivt i vurderinga:

Det blir lagt vekt på allsidig og relevant yrkespraksis innafor karriererettleiing og karrierelæring, og undervisningserfaring frå høgskule/universitet. Vitskapleg arbeid og /eller dokumentert fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid vil bli særleg vektlagt.

Ved tilsetjing vil fagmiljøet sitt samla behov for kompetanse kunne vere avgjerande

Kriteria for tilsetjing i stilling som førsteamanuensis/førstelektor går fram av forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar fastsett av Kunnskapsdepartementet: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-02-09-129>

Høgskulepedagogikk/ rettleiing:

Dersom den som blir tilsett ikkje har praktisk pedagogisk kompetanse på grunnlag av utdanning eller tilsvarande kompetanse gjennom undervisning, må vedkommande kvalifisere seg via kurs i høgskulepedagogikk og rettleiing innan to år frå tilsettingsdato.

Sakkyndig vurdering:

Søkjarar til vitskaplege stillingar blir vurdert av ein sakkyndig komité. Bedøminga skjer på bakgrunn av dokumentert kompetanse og inntil 5 vitskaplege arbeid.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert ut frå den informasjonen som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjars ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, her dei vitskaplege arbeida (inntil 5 stk.), fullstendig publikasjonsliste, attestar og vitnemål. Dersom vitnemåla, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv lasta opp attesterte omsetjingar. Hvis vedlegga overstig 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenke.

Søknadane vert sendt elektronisk til det sakkyndige utvalet. På bakgrunn av komiteens innstilling vil aktuelle søkjarar bli innkalt til intervju og prøveforelesning. Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskolen.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Moglegheiter for trening i arbeidstida
- Moglegheiter for dekning av flyttekostnader jfr. Særavtale om dekning av flyttekostnader

Stillinga som førsteamanuensis/ førstelektor / høgskulelektor er lønna etter Statens lønnsregulativ, i stillingskode 1011/ 1198/1008

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at jfr. offentlegheitslova kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkarlista. Søkaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemde.

[Heimeside](#)

Kontaktpersonar på Høgskulen på Vestlandet:

Dosent Inga H. Andreassen, tlf. 55585742; epost ihan@hvl.no

Assisterande instituttleder Solveig Kalgraf, tlf. 55585947; epost skal@hvl.no

Jobbnorge-ID: 172804, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut